

Kinn kommune  
Postboks 294  
6701 Måløy

---

Dato	01.10.2024
Vår referanse	2023/48823-28
Dykkar referanse	2023/1224
Sakshandsamar	Rannveig Berge
E-post	Rannveig.Berge@vlfk.no

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn - samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 og planstrategi - Kinn kommune

Vi viser til brev datert 26.07.2024 om høyring av forslag til planstrategi og samfunnsdel kor det går fram at Kinn ønskjer å vere ein attraktiv kommune, som er i omstilling. Omstillingsbehovet gjeld tenesteproduksjonen, eit næringsliv tilpassa nyte tider, redusert forbruk og utslepp av klimagassar samt kulturforståing for endringar.

Vestland fylkeskommune vurderer høyringsutkastet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 28.04.2023. Vi viser også til uttale frå Vestland fylkeskommune om viktige føringar for planstrategiarbeidet hausten 2023. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Planforslaget er oversiktleg, med tydelege mål og strategiar. Samfunnsdelen tek tydeleg innover seg omstillingsbehovet i kommunen og koplar dette mot dimensjonane i FN sine berekraftsmål.

Arbeidet med samfunnsdelen verkar å vere godt forankra administrativ, i tillegg har kommunen involvert både innbyggjarar og næringsliv.

### Klima og miljø

#### Mål og utsleppsreduksjon

I kapittel 2.3.1 av kommuneplanen sin samfunnsdel stå (...) *redusere forbruket vårt av naturressursar og energi vi kan oppnå målet om å halvere utslepp av klimagassar. Slik skaper vi eit berekraftig lågutsleppsamfunn. Ved å styrke naturmangfaldet aukar vi klimagassopptak og karbonlagring.* Med bakgrunn i dette er det noko uklårt om kommunen sitt mål for å redusere dei direkte klimagassutsleppa er å redusere med 50% eller om kommunen skal vere lågutslepp (nær 100% reduksjon). Dersom kommunen skal nytte 50% reduksjon som mål, må ein inkludere eit referanseår. For begge alternativna må ein fastsette eit år ein skal nå målet. Vi vil og presisere at dette målet er knytt til dei direkte klimagassutsleppa, og auka opptak i natur og karbonlagring ikkje vil vere ein del av dette jf. Rammene i Parisavtalen. Desse utsleppa/opptaket av klimagassar vil komme inn under sektoren skog og arealbruk (LULUCF).

Når det kjem til punktet om å redusere forbruk, vil det vere meir enn naturressursar og energi som er relevant. For desse utsleppa nyttar ein ofte omgrepet forbruksbaserte utslepp, og det inngår utslepp som skjer både innanfor og utanfor kommunen sine grenser, som ein konsekvens av forbruket til innbyggjarane. Innan forbruksbaserte utslepp nyttar ein kategoriane: energi, transport, mat, offentlege tenester, samt varer og tenester. Samfunnsdelen bør inkludere ei oversikt over dei forbruksbaserte utsleppa, jf. retningslinje 8 i regional plan for klima.

Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å tydeleggjere kva mål ein har for dei direkte klimagassutsleppa, forbruksbaserte utsleppa og utslepp innan areal- og skogbruk. Vidare synes vi det er positivt at de har inkludert alle desse sektorane, då det er viktig å arbeide med å redusere klimagassar innan alle sektorane. Kommunen bør og gjere ei framskrivning av utslepp, jf. 3.1 i dei statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og energitilpassing (SPR), for å sikre eit betre kunnskapsgrunnlag å jobbe ut i frå. Fylkeskommunen har eit excel-basert verktøy for å framskrive utslepp som kan nyttast til dette.

Det er positivt at samfunnsdelen tek føre seg klimaomstilling i næringslivet i kommunen gjennom grunnlagsrapporten frå Menon Economics. Samstundes bør kommunen også skaffe til veie eit meir konkret kunnskapsgrunnlag med talfesta tiltak for å nå det overordna målet om å verte ein nullutsleppskommune i 2030. Å utarbeide eit klimarekneskap og -budsjett vil kunne vere eit viktig verktøy for å talfeste og konkretisere tiltak for utsleppsreduksjonar. I grunnlagsrapporten er det antyda at kommunen arbeider med eit klimagassrekneskap. Me vil oppmode kommunen til å fortsette med dette arbeidet, slik at ein på sikt kan nytte eit klimabudsjett som styringsverktøy, knyta opp mot opp mot økonomiplan- og budsjett.

#### Klimaomstilling og målkonflikter

Retningslinje 7 i regional plan for klima seier: *I regional og kommunal arealplanlegging skal ny utbygging skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald og dei nasjonale jordvernmåla. Næringsutvikling bør bli prioritert på allereie utbygde areal, for å sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka jord.* Hovudmålet for samfunnsutviklinga i Kinn kommune er å vere ein attraktiv kommune i omstilling. Planen tar føre seg eit bredt spekter av samfunnsområde og lukkast med å integrere omsyn til klima-, miljø og berekraft i ulike deler av samfunnet, for å planlegge for framtidig utvikling. I planen vises det til at ein skal arbeide strategisk og samla med barrierar for omstilling og at ein må vurdere grunnleggande målkonflikter i omstillingsarbeidet, særleg når det gjeld prioriteringar mellom verdiskaping, grøn omstilling og bruk av areal. Dette er gode døme på at planen har eit heilskapleg fokus på samfunnsutviklinga, der ein tek omsyn til vanskelege avgjerder ein må gjere i framtida, då grøn omstilling vil innebere tøffe prioriteringar om ressursbruk til ulike føremål.

Næringsutvikling vil gje grobotn for fleire målkonflikter, som omhandlar til dømes arealknappheit, klimagassutslepp og andre berekraftsomsyn. Kommunen ønsker vekst og grøn næringsutvikling samstundes som dei ønskjer å bli eit nullutsleppssamfunn. Slik sett er det viktig at kommunen gjer realistiske prioriteringar mellom kva slags satsingar og aktivitetar som er foreinlege med utsleppsmålet og hovudmåla for samfunnsutviklinga.

#### Klimatilpassing og naturmangfald

Planen har mål om å styrke naturmangfaldet, der prinsippet om arealnøytralitet skal vere ei rettesnor for arbeidet. Foringa natur og økosystem skal restaurerast, noko som gjev ein positiv effekt for klima- og naturmangfald. Dette er eit ressurskrevjande arbeid, som krev god planlegging. Til dette arbeidet kan kommunen søkje om tilskot til naturrestaurering frå [Miljødirektoratet](#).

Kommunen bør i større grad gjere greie for klimatilpassingsarbeidet i samfunnsdelen, då dette i liten grad går fram i høyringsutkastet. I retningslinje 12 i regional plan for klima går det fram at *Regionale og kommunale planar bør identifisere og handtere ulike former for klimarisiko i si planlegging*. Vi kan ikkje sjå at dette er innarbeida i planarbeidet. Det er viktig for kommunen å sjå på korleis heile samfunnet kan ha ein auka risiko i framtida, som ein konsekvens av klimaendringar. Fylkeskommunen er med i eit prosjekt som utarbeidar metode for identifisering av klima- og naturrisiko i kommunane, som er klart i første halvdel av 2025 og vi håpar Kinn kommune kan nytte seg av denne i oppfølging av planarbeidet.

Vi kan ikkje sjå at det er gjort ei overordna vurdering av om klimaendringar kan påverke planen sine langsiktige utfordringar, mål og strategiar, jf. Retningslinje 14 i regional plan for klima. Fylkeskommunen oppfordrar kommunen til å innarbeide denne vurderinga.

#### Arealstrategiar

Vi oppmodar om å utarbeide arealstrategi for å ta i vare og kartlegg karbonrike areal, økosystem og areal som er viktig for klimatilpassing jf. retningslinje 17 og 18 i Regional plan for klima. I tillegg oppmodar vi om å legge til at ein i arbeidet med arealdelen skal identifisere område med potensiale

for restaurering av natur, og bruk av naturbaserte løysingar jf. Retningslinje 16 og 20 i regional plan for klima.

### **Folkehelse**

Viktige element i folkehelseperspektivet som medverknad og samskaping for utvikling i kommunen er understreka i høyringsutkastet. Vidare er det lagt vekt på trivsel og inkludering; dette er også sentrale element for gode levekår og livskvalitet.

Kunnskapsbasert folkehelsearbeid, som grunnlag for samfunnsplanlegginga, krev godt oversiktsarbeid med analyse av dataa. Analyse av data som kan avdekke årsakssamanhengar er avgjerande for å få treffsikre tiltak. I regi av det interkommunale samarbeidet i Folkehelseavdelinga om folkehelseoversikt vil innsats som gjeld analyse av årsaker og konsekvensar av innsamla data på folkehelseområdet vere tenleg for Kinn kommune – og mange andre.

Oversikt og utfordringar som er skissert i dokumentet for Folkehelseoversikt er berre delvis gjenspegla i utkast til ny samfunnsdel.

Sosial ulikskap er ei aukande utfordring også i Vestland. Sosial ulikskap fører til dårleg livskvalitet og også til dårlegare helse.

I Folkehelseoversikta er det signal om at universelle tiltak skal bøte på utfordringane til låginntektsfamiliar og til dels for dei som opplever utanforskap. For slike utsette grupper bør det vurderast å sette opp: Satsingsområde, hovudmål, delmål og tiltak i samfunnsdelen av kommuneplanen. Dette kan gjelde både målretta og universelle tiltak som skal sikre sosial utjamning.

I velferdsstaten Norge skurrar det noko i uttalen i samfunnsdelen om at: «dei som treng det mest skal få den hjelpa dei treng». På kva vilkår vert dei «mest-trengande» utvalde og kva skal innhaldet i «hjelpa dei treng» vere?

På same vis skurrar det i utsegna om at den enkelte «skal ta ansvar for eiga helse, alderdom og bustad». Dette er lettare for dei privilegerte enn for dei som er mindre privilegerte. Dermed har samfunnet si plikt når det gjeld sosial utjamning i helse blitt noko overskygga. Den sosiale gradienten i folkehelse er velkjend og bør nyttast meir i relevante område av samfunnsdelen. Å sette inn tiltak som gjeld sosial utjamning er også samfunnsøkonomisk lønnsamt på litt sikt.

### **Kultur, idrett og friluftsliv**

Kultur, idrett, friluftsliv og den frivillige sektoren er til saman nøkkelen til å skape meningsfullt innhald i lokalsamfunnet. Vi oppmodar kommunen til å prioritera kultur og frivilligheit som ei eige satsing i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035 (pdf) med handlingsprogram 2023-2026 skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd i regionen. Planen omhandlar tema bibliotek, friluftsliv, frivilligheit, idrett, kulturarv, kulturformidling og kunst. Hovudmålet er at alle skal kunne delta, oppleve og skape. Planen har 4 mål; Vestland som leiande kulturfylke, eit inkluderande kulturliv som ressurs for samfunn; kultur som grunnlag for verdiskaping og kunnskap som grunnlag for kulturutvikling.

For å få dette til må kommunane bidra. Den kulturelle grunnmuren i kommunen er infrastrukturen som gir heile befolkninga høve til å ta del i og å oppleve kunst, kultur, idrett og møte andre i sine lokalsamfunn. Hjørnesteinane er kunst- og kulturfag i opplæringa, kulturskolen, folkebiblioteka, kommunalt og frivillig fritidstilbod, frivilligheit elles og lokalsamfunnet sine arenaer.

Det er også viktig å sjå potensialet som ligg i kommunen for profesjonelle kunstnarar og kulturaktørar – gjerne i samhandling med frivillig kulturliv eller andre, meir næringsretta aktørar.

Kommunen bør:

- støtte opp om organiseringa av ein sterk frivillig sektor og utvikle kommunal frivilligpolitikk
- styrkje kunst, kultur, idrett og friluftsliv som arena for inkludering og mangfald
- styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, og profesjonelt og frivillig kulturliv

- stimulere til berekraftige og mangfaldige møteplassar og arenaer for alle og særleg for barn og ungdom
- styrke kulturarenaer som opne, frie og demokratiske ytringsrom

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune legg til grunn at kulturminne, kulturmiljø og landskap er med som premissgivar for å skape gode samfunn. Kulturminne og kulturmiljø ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

#### Attraktiv kommune i omstilling

Under punkt 2.5 *Mål for utvikling* har Kinn kommune skissert eit delmål «*Vi tar vare på og formidlar kulturminna våre gjennom berekraftig bruk og sikrar kulturmiljøa rundt desse*». Under delmålet synleggjer kommunen sine særleg viktige kulturminne.

#### Stad- og tettstadutvikling

Eit viktig prinsipp for stadutvikling er å sikre at lokalisering av nye bygg og funksjonar bygger opp under eksisterande kvalitetar og verdiar. Det er viktig å ivareta element frå ulike tidsperiodar, og at ein tek omsyn til kulturminne og landskap som eksisterer i dei ulike senterområda. I Meld.St.5 "*Levende lokalsamfunn for fremtiden*" (2019-20) blir det vist til at eldre bygningar er ein del av kulturarven og spelar ei rolle for stadutviklinga.

#### Areal- og planstrategi

Kinn kommune har fleire gode strategiar som stør opp om kommunen sin visjon om å vere ein attraktiv kommune i omstilling. Fylkeskommunen saknar samstundes ei tydeligare omtale av kulturarven og korleis den skal nyttast som ressurs for verdiskaping. Kommunen bør ha ein eigen strategi som sikrar viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap i arealpolitikken. Når det gjeld kunnskapsgrunnlag for ei forsvarleg forvaltning av kulturminneressursane, oppmodar vi kommunen om å nytte Handlingsplan for kulturminne (Flora 2017-2021) og Kulturminneplan (Vågsøy 2017).

Enkle retningslinjer som forankrar og integrerer omsynet til kulturminne, kulturmiljø og landskap kan vere:

- Utvikling av kommunen sine areal skal bygge på oppdatert kunnskapsgrunnlag om natur- og kulturmiljøverdiar.
- Natur- og kulturverdiar skal fremjast som ein del av innbyggjarane sin identitet og tilhøyrslø.
- Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal forvaltast med tanke på ei berekraftig utvikling, og utvalde kulturminne og kulturmiljø skal vernast om som dokumentasjon av fortida og som ein ressurs for framtida.

#### Bibliotek

Vestland fylkeskommune oppmodar om å sjå folkebiblioteket som ressurs i samfunnsplanlegginga. Gjennom tilrettelegging og differensiering av bibliotektenesta kan kommunen nå ut til alle, skape møte på tvers av grupperingar i lokalsamfunnet og motverke utanforskap og einsemd. Biblioteket kan òg bidra til styrking av demokratiet gjennom si rolle som arena for offentleg samtale og debatt. Forsking viser at lesing bidreg til folkehelse og livskvalitet, og biblioteket kan vere ein sentral formidlar av litteratur til alle aldersgrupper, gjerne i samarbeid med andre aktørar i kommunen.

#### Friluftsliv

Friluftsliv er nordmenns viktigaste kjelde til fysisk aktivitet, og den forma for aktivitet flest kan tenkje seg å gjere meir av. Tilgang til gode friluftsområde skaper også auka bulyst – og bli-lyst, som igjen er eit viktig grunnlag for næringsetablering.

Det er viktig å sikre god tilkomst til attraktive friluftsområde, både sommar og vinter. Kanalisering av ferdsel, gjennom skilting og merking av ferdselsårer vil både skåne naturen, og gi ein trygg tilkomst for turgåarar. Tilgang til sjø og vann er viktig for livskvalitet og folkehelse, og det er viktig å sikre areal for tilkomst til strandsoner for ålmenta. Dette bør kome fram i arealstrategiane i samfunnsdelen til kommunen.

#### Arealstrategi og friluftsliv

I arealstrategiane til Kinn kommune står det i pkt 4 at utbygging av strandsona *bør* skje mest mogleg konsentrert. Det er og i punkt 11 skildra at arealnøytralitet er *målet* av omsyn til klima og

naturmangfold. Samstundes kan prinsippet om arealnøytralitet avvikast for næringsområde dersom det kan dokumenterast at arealbruken sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit.

Det er positivt at kommunen vil fokusere på betre utbygging og fortetting i allereie utbygde område, og at ein vil styrke viktige blå-grøne samband mellom utbygging og nærliggande natur-, rekreasjons- og friluftsområde. Tilgang til nærfriluftsområde er svært viktig for folkehelsa, og utbygging i strandsona skal i utgangspunktet følgje byggeforbodet i 100-metersbeltet. Dette kan fråvikast, men i forvaltninga skal kommunen ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Tilgjengeleg strandsona har i Kinn kommune gått gradvis nedover, spesielt i sentrumsnære område. Andelen i befolkninga med trygg tilgang til rekreasjonsareal er og lågare i Kinn enn landsgjennomsnittet, med 55% i Kinn mot 61 % i heile Noreg (kjelde SSB). Difor meiner vi at formuleringane i samfunnsdelen kunne vore tydelegare, for å ivareta natur, miljø og friluftsliv på ein betre måte - t.d. i punkt 4: Utbygging av strandsona skal ~~ber~~ skjje mest mogleg konsentrert.

Vi meiner også det blir eit svakt vern av urørd natur og befolkningas tilgang til utøving av friluftsliv, gjennom formuleringane i punkt 11. Dersom verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingsdyktigheit gjer at prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast i kvar utbyggingssak, blir det vanskeleg å nå nasjonale og internasjonale om å unngå ein bit for bit nedbygging av natur. Vi minner mellom anna om Europarådets landskapskonvensjon, og naturavtalen frå 2022, som har som mål å stanse og reversere tap av natur, og gi oss meir natur innan 2030.

### Idrett

Vestland fylkeskommune vil gjere merksam på at for at ein skal kunne få spelemidlar er det krav om at det enkelte anlegg skal vere del av ein vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Handlingsprogram med kortidsplan og langtidsplan for anleggsutviklinga er grunnlaget for prioriteringslista som kommunen vedtar politisk kvart år.

### **Næringsutvikling**

Planen speglar samfunnsliv i kommunen, og vidare moglegheiter. Skal ein peike på noko er det å knytte framtidig velferdsutvikling og omsyn til naturmangfold, opp mot behovet for verdiskaping.

Kinn kommune har to av nitten hubar i Grøn region Vestland tilknytt Vestland fylkeskommune, og er på god veg mot ei grøn omstilling. I Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 er næringsareal eitt av fire mål. Rett areal til rett føremål til rett tid, er eit viktig premis for å unngå å bygge ned natur, og unngå klimautslepp ved transport. Tid handlar å ha tilgjengeleg næringsareal når behovet kjem, og ikkje bygge ned natur/leggje til rette unødig. Rett areal med alt utbygd eller utvida eksisterande næringsareal for å unngå transport og nedbygging av viktige naturområde. Rett føremål er at verksemda høver inn i tilgangsprofilen for området. Dette vert omtala som differensiert arealplanlegging. I utkast til ny Utviklingsplan (2024-2028) som skal vedtakast i desember i år, vert dette omtala slik:

*Det vil bli enklare å prioritere verne- og utbyggingsområde med auka kunnskap om natur- og klimaverdier. Eit utbyggingsmønster som er differensiert vil gje mange fordelar, som å avgrense transportbehovet og betre utnyttinga av eksisterande infrastruktur og allereie nedbygd areal. Det vil redusere klimagassutslepp og spare verdifull natur.*

Her er det viktig å skilje mellom arealintensive arbeidsplassar i sentra. Blanda areal av bustad, og næring med lokalfunksjon. Til sist verksemdar som genererer mykje og tung trafikk i utkantane som samtidig er eigna for transport.

### **Mobilitet og kollektivt**

Generelt støtter vi opp om målsettingane og samfunnsdelen sine strategiar knytt til å etablere gode bustadmiljø gjennom berekraftig tettstad- og byutvikling. Dette er planstrategiar som er i tråd med dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (BATP)* som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsområde og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional transportplan (RTP)*. Hovudmålet for RTP 2022-33 er:

*Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.*

Under overskrifta «Slik vil vi ha det i 2032 – 2042» er det fleire viktige punkt for ei ønska framtidig situasjon. Nokre av punkta, slik som «styrka byer og tettstader», «gode samferdsle- og kollektivtilbod» og «vi er blitt eit lågutslepp-samfunn» vil krevje ein medviten og tydelege arealforvaltning i tråd med samordna bustad- areal og transportplanlegging. Spreidd busetting gjer det krevjande å etablere eit godt marknadsgrunnlag for kollektivtransport og trygge og attraktive løysingar for mjuke trafikantar. Difor er det viktig å etablere bustader, næring og tenester tilknytt eksisterande kollektivtrasear og gang- sykkeltilbod. Det er ressurskrevjande å etablere miljøvenlege reisealternativ når busettingsmønsteret er spreidd framfor ein meir fortetta struktur. Spreidd busetting aukar behovet for skoleskyss, og kan gjere kommunale tenester og beredskap meir krevjande å organisere.

Forslaga til arealstrategiane i Kinn bygger opp om framtidsvisjonane, men nokon av dei kunne vore tydelegare i kva krav som skal stillast til arealutviklinga i kommunen. Til dømes er det uklart korleis strategi 6 « Vi vil ha eit samanhengande gangnettverk og tilrettelegging for bruk av sykkel» skal nås. Tilrettelegging for gåing og sykkel bør i større grad vere knytt til å utvikle område der slike tilbod er etablert, eller gjennom krav til slik tilrettelegging. Tilbod for mjuke trafikantar krev fokus på trafikktryggleik og dette kunne vore tydelegare framheva, og gjerne koplast til strategi 12 som omhandlar rekkefølgekav. Elles er det positivt at kollektivpunkt skal nyttast som verktøy for forbetring av transportsystem (strategi 8).

### **Infrastruktur og veg**

Vestland fylkeskommune ved Infrastruktur og veg, forvaltar og eig fylkesvegnettet i fylket, og er då regional vegstyresmakt. Fylkeskommunen har òg ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Det er ei overordna målsetting å skape mest mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til naboar, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser. Nullvisjonen ligg til grunn for vårt arbeid.

Under kap. 2.3.2 Levande og samskapande lokalsamfunn, står det bl.a. følgjande; «Vi planlegg for utvikling av tette sentrum i 10 minutt gang- og sykkelavstand. Vi må ha færre bygg å drifte og betre vilkår for effektiv tenesteproduksjon og arbeidsplassar i ein 10 minutt reiseavstand i bil frå sentruma våre. Dette er også ein viktig del av arealstrategien for å unngå å ta nye areal, skal vi konsentrere arealbruken gjennom samlokalisering av funksjonar og tenester.» Dette er eit godt mål som støttar opp under måla i Regional transportplan 2022-2033 (RTP) for Vestland fylkeskommune. Hovudmålet for RTP er at «Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling».

Eit av grepa kommunen tek, som underbygger ei utvikling av tette sentrum i 10 minutt gange- og sykkelavstand, er å implementere [NOU 2023:25 Omstilling til lavutslipp](#). «Den foreslår eit rammeverk for tiltak når det gjeld arealbruk: Unngå - flytte - forbedre (UFF). Vi unngår unødvendige utbyggingar, og utbygging og bruk som forstyrrar naturressursar. Vi gjenbrukar næringsareal, nyttar eksisterande infrastruktur og fortettar i allereie utbygde område.» Dette strategien kan og hjelpe til med at ein får komprimerte tettstader som gjer til at ein i større grad kan gå og sykle til sentrumsfunksjonar.

Vi vil minne om at det er viktig å skilje industri/næringsområder frå bustad- og skuleområder og næringsområder til desse. Det vil gje tryggare framkomst for mjuke trafikantar. Vi ber og om at ein i arbeidet tek med seg Statens vegvesen sine vegnormalar. Når ein planlegg utviding og vekst i eit område, vil det ofte medføre ei utbetring av vegnettet.

Vi opplever at Kinn kommune har gode planar og strategiar for å jobbe mot eit berekraftig samfunn som er trygge for alle trafikantgrupper og som gjev mindre bruk av bil som transportmiddel.

### **Vassforvaltning**

I den regionale vassforvaltningsplanen 2022-2027 for Vestland Vassregion er det fastsett miljømål som viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Vi ser det difor som naudsynt at kommunen si målsetjing og strategi i samfunnsdelen speglar forpliktinga til å oppnå dei miljømåla som er fastsett i Vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen.

For å sikre ei heilskapleg og berekraftig tilnærming til vassmiljøet, bør planen definere eit generelt mål knytt til tilstanden på vassmiljøet i kommunen. Vidare bør arbeidet med å nå miljømåla forankrast i areal- og planstrategien i samfunnsdelen.

Vi ønskjer å påpeike at dette vart anbefalt i førre runde, men kan ikkje sjå at dette har blitt følgt opp i den reviderte versjonen. Vi anbefaler difor om at følgjande retningslinjer vert inkluderte:

1. Vassførekomst (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) skal nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen og databasen Vann-nett.
2. Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomst (elvar, innsjøar, kystvatn, grunnvatn) verre. Der det er mogleg, skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådde.

Desse retningslinjene er essensielle for å sikre at kommunen oppfyller sine miljøforpliktingar og bidreg til ei berekraftig forvaltning av vassressursane. Vi forventar at dette vert teke med i den endelege versjonen av samfunnsdelen, slik at kommunen sine planar er i samsvar med dei regionale og nasjonale måla for vassmiljøet.

## Oppsummering

Kinn har utarbeidd ein oversiktleg samfunnsdel, basert på gode medverknadsprosessar.

Planforslaget har fleire gode mål for samfunnsutviklinga. Fylkeskommunen har likevel innspel til regionale tema, som med fordel kan styrkast i planforslaget. Vi har merknadar innan klima, miljø og vassforvaltning, kultur, idrett og friluftsliv, infrastruktur og veg, mobilitet og kollektiv, samt næringsutvikling.

Vi er open for dialog rundt regionale plantema.

Med helsing

### Liz Eva Tøllefsen

Konstituert seksjonsleiar  
NPI – Plan, klima og analyse

### Eva Katrine Ritland Taule

fagansvarleg  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Interne sakshandsamarar:

Anne- Lene Norman, folkehelse  
Elizabeth Jan Warren, kultur og folkehelse  
Gunhild Raddum, mobilitet og kollektiv  
Janne Grønli, infrastruktur og veg  
Knut Martin Karlsen, vassforvaltning  
Ragnhild Berge Feidje, klima og miljø  
Vidar Skeie, næringsutvikling

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER